

ALVER KOMMUNE



Vi bygger Alver kommune

ANSKAFFELSE AV TRANSPORTTJENESTER OPPVEKST OG OMSORG

SAK 18/3336

Bilag 1
Spesifikasjon av ytelsen

Anskaffelsesforskriften del I og III

Innhold

1	Innleiing	3
2	Overordna om ytinga	4
3	Spesifikke krav til leveransen	8

1 Innleiing

Dette bilaget oppstiller Kundens krav til ytinga. Krava gjerast gjeldande for alle leveransar under rammeavtalen.

1.1 Kravtypar

Det er i det fylgjande nytta kravtabellar med nummererte krav. Tabellane som nyttast i dokumentet er vist under:

Kundens krav				Leverandørens løysing	
Nr	Skildring	Type dokumentasjon	Type krav	Tilbydast (Ja/Nei)	Skildring av løysing

Dei to ulike hovudelementa, kundens krav og leverandørens svar, forklarast i dei to fylgjande punkt.

1.1.1 Kundens krav

Nr.:	Kravpunktets unike løpenummer
Skildring:	Tekst som beskriver kravet
Type dokumentasjon	Krav til dokumentasjon forbunda med kvart einskild krav.
Type krav:	Se tabell nedanfor

Absolutte krav (A)	Kravet er viktig og MÅ tilfredsstillast. Kravet er å anse som eit minimumskrav.
Absolutte krav (A)*	Kravet er viktig og MÅ tilfredsstillast. Kravet er å anse som eit minimumskrav, kor «meir er betre». Stjerne tilseier at kravet er gjenstand for relativ vurdering.
Ønskande krav (B)	Kravet BØR tilfredsstillast, men det er ikkje eit absolutt krav. Svar vil likevel ha betydning for evaluering av tilbodet.
Info (I)	Ikkje et direkte krav til leveransen, men leverandøren skal i sin løysingsskildring gje utfyllande informasjon. Svar vil ha betydning for evaluering av tilbodet.

1.1.2 Leverandørens Løysing

Tilbydast:	Stadfesting på at leverandøren kan tilfredsstille kravet (Ja, Nei).
Skildring av løysing :	Dersom det er stilt krav til dokumentasjon/skildring kan dette feltet nyttast.

2 Overordna om ytinga

Krav til transporttjenester gjeld primært Helse- og omsorgstenesta og Oppvekst (barne- og ungdomsskulane, samt barnehagesektoren). Anna behov for persontransport i kommunen kan dekkast etter avtale.

Nedanfor fylgjer ei overordna skildring av dei tre delkontraktane

- Delkontrakt 1 Omsorg - transport til og frå dagsentera
- Delkontrakt 2 Oppvekst – transport av elevar og barnehagebarn med særskilde behov
- Delkontrakt 3 Oppvekst – transport av skoleklassar og barnehagar til symjing, i forbindelse med turar, etc.

Begrepet «brukar» gjeld personar som transporterast under denne avtalen.

Følgjande priskategoriar gjeld for alle delkontraktane.

Kategori	Beskrivelse av kategori
A	Personbil - inntil 4 passasjerer
B	Personbil - inntil 8 passasjerer
C	Minibuss - inntil 16 passasjerer
D	Buss inntil 49 passasjerer
E	Buss inntil 60 passasjerer

2.1 Delkontrakt 1 Omsorg - transport til og frå dagsentera

2.1.1 Omsorgstenesta

Behov for Helse- og omsorg består hovudsakeleg av transport til og frå dagsenter av eldre og utviklingshemma, funksjonshemma og personar med psykiske lidningar.

Brukarane av dagsenter vil vere eldre og eldre demente som er funksjonsdyktige nok til å bu heime. Dette betyr bl.a. at fleire er dårlege til beins og treng hjelpemiddel/rullestol eller hjelp til å flytte seg til og frå køyretøyet. Nokre av brukarane har også problem med å orientere seg.

Henteadresser varierer ut frå kor brukarane bur.

I tillegg til over nemnde transport til dagsenter mv. vil det vere behov for bestilte enkeltturar eller faste bestillingar i periodar. Dette kan også vere turar der man tar med fleire passasjerar, og det kan vere aktuelt å plukke opp og sette av passasjerar på ulike adresser. Sjå estimert behov i prisvedlegget (Bilag 4a).

Det forutsetjast at naudsynt spesialutstyr som rullestolar, gåstolar, krykker mv kan takast med. Pr i dag har kommunen fem rullestolbrukarar som transporterast til dagsenter, men dette behovet vil variere. Alle er heller ikkje med kvar dag, så det vert ikkje meir enn ein til to brukarar pr dag.

Hovuddelen av transporten vil gå føre seg måndagar til fredagar mellom kl. 09.00-11.00 og kl. 14:30-16:00. Dagsentera er stengte på alle heilagdaggar, men ope i ferier. Eit dagsenter kan likevel bli stengt i feriar, og brukarane samlast på for eksempel Såtabu.

Oversikt over dagsenter

Dagsenter	Adresse	Dagar	Kommentar	Tal plassar
Såtabu dagsenter	Kvernhusmyrane 16, 5914 Isdalstø	5 dagar mandag- fredag		7 (10)
Knarvik dagsenter	Knarvik Sjukeheim, Kvernhusaugane 7 5914 Isdalstø	4 dagar man-tirs-ons og fredag	*Fredag dobbel gruppe med 10 brukarar	5*
Alversund dagsenter	Alversund, 5911 Alversund	3 dagar mand-tors-fred		6
Lindås dagsenter	Storbruhaugen 36, 5955 Lindås	3 dagar	For tida ikkje i drift-brukarane er på Såta	3

2.2 Delkontrakt 2 Oppvekst – køring av elevar med særskilde behov

Behovet for transport innan denne delkontrakten gjeld transport av skuleelevar som ikkje er ein del av fylkeskommunen sitt ansvar i samband med «Retningslinjer for Skoleskyss» og som innvilgast transport etter kommunalt vedtak. Sjå estimert behov i detalj i bilag til denne spesifikasjonen (Bilag 1a) og i prisbilaget (bilag 4b). Sjølv om behovet hovudsakeleg vil vere fast, vil det måtte bereknast endringar, særskild i samband med skulestart kvart år.

2.2.1 Særskilde behov

Oppvekst har også eit behov for transport pga. farleg skuleveg eller til alternative læringsarenaer. Det vil også vere behov for transport som følgje av medisinske vedtak. Her vil det også kunne vere trong for transport av mellom anna rullestol eller andre hjelpemiddel. Hovuddelen av transporten vil gå føre seg i skuletida, eller til og frå skulen.

Oppvekst har for tiden fylgjande behov for transport av rullestolbrukarar blant skulebarna:

Skule	Rullestolbrukarar	Merknad
Lindås barneskule	1	1 dag i veka til læringscenteret i Knarvik. Kan bli 2 dagar neste år.
Sagstad skule	0	Kan bli aktuelt seinare, pr i dag køyrer foreldre
Rasdøy ungdomsskule	0	Autist med behov for stor taxi
Manger skule	1	1 dag i veka på læringscenteret i Knarvik
Seim skule	2	Dagleg skyss
Vestbygd skule	2	Dagleg skyss
Alversund skule	1	Dagleg skyss
Rosland skule	1-2	Vi har frå skuleåret 2019/2020 to - 2 elevar som nyttar / treng å ha med rullestol i større eller mindre grad. Dei kan begge to sitje i vanleg sete på bussen. Elev 1 nyttar vanleg skulebuss, men kan i periodar ha bruk for eigen skuleskyss som er tilpassa rullestol. Elev 2 har til no blitt køyrd av heimen. Til hausten er det slutt på SFO så der kjem det søknad om medisinsk køyring. Eleven treng å ha med rullestol på transportmiddelet.

2.2.2 Barnehagar

Totalt i Alver kommune vil det vere 30 barnehagar. Alle barnehagane kan ha barn som treng transport i høve spesialpedagogiske tiltak, uavhengig om barna går i kommunal eller privat barnehage. Dette kan gjelde barn i alle alder og det kan bli behov for alle typar barnestolar.

For tida er det eit barnehagebarn med særskild behov for spesialpedagogisk tiltak, men ingen rullestolbrukarar.

Dei kommunale barnehagane finn du her:

<https://www.meland.kommune.no/innhald/barnehage/barnehage/>

<https://www.lindas.kommune.no/innhald/barnehage/barnehagane-vare/>

<https://www.radoy.kommune.no/innhald/barnehage/barnehagar-i-radoy/>

2.3 Delkontrakt 3 Oppvekst –køyning til symjing, turar, leirskule etc.

Behovet for transport innan denne delkontrakten gjeld transport av skuleelevar og barnehagebarn som til dømes transport til og frå symjing, kyrkje, men også lengre turar som leirskule etc. For skuleelevar er det største behovet køyning av heile klassar eller eit tal elevar mellom to skuler for til dømes symjeopplæring. For barnehagar er det største behovet transport til symjehall for dei største barna i barnehagen. I kommunale barnehagar vil det også vere transportbehov gjennom året. Dette kan vere transport til byen til Vil vite/ teateroppsetningar lokalt o.l.

Sjå estimert behov i detalj i bilag 1a. Det ventast at barn med særskilde behov som til dømes rullestol (sjå tabellen under pkt. 2.2) skal nytta same transportmiddel som dei andre barna, sjå krav

Sjølv om behovet hovudsakeleg vil vere fast, vil det måtte bereknast endringar, særskild i samband med skulestart kvart år.

Grunnskulane i kommunane finn du på nettstaden til kvar einskild kommune.

3 Spesifikke krav til leveransen

3.1 Krav til køyretøy

Kundens krav				Leverandørens løysing	
Nr	Skildring	Type dokumentasjon	Type krav	Tilbydast (Ja/Nei)	Skildring av løysing
3.1.1	Det skal til ein kvar tid nyttast køyretøy som er tilrettelagd for det einskilde oppdraget, også teken omsyn til ulike grader av funksjonshemming eller transport av barn, samt tilstrekkeleg plass til at brukaren skal kunne ta med seg eigen gåstol og liknande.	Stadfesting	A		
3.1.2	Det skal til ein kvar tid nyttast køyretøy som er tilpassa særskilde krav til føre og kor framkommeleg det er på staden for henting og levering.	Stadfesting	A		
3.1.3	Heile grupper skal i størst mogleg grad transporterast samla og i same køyretøy. Dette inneber til dømes at busser bør vere tilrettelagde for rullestolar dersom det er behov for dette i staden for køyring med ein ekstra bil.	Stadfesting	A		
3.1.4	Alle køyretøy skal vere utstyrte med klimaanlegg.	Stadfesting	A		

Kundens krav				Leverandørens løysing	
Nr	Skildring	Type dokumentasjon	Type krav	Tilbydast (Ja/Nei)	Skildring av løysing
3.1.5	Alle køyretøya skal vere utstyrte med kommunikasjonsutstyr, slik at sjåføren er tilgjengeleg og kan nås, også under køyring.	Stadfesting	A		
3.1.6	Køyretøya skal vere reine og ryddige ved oppstart av eit kvart oppdrag og haldast så reine og ryddige som mogleg under oppdraget.	Stadfesting	A		
3.1.7	Det skal vere godkjende sitteplassar med setebelte til alle passasjerane bestillinga gjeld for. Ståplassar er med andre ord ikkje tillate.	Stadfesting	A		
3.1.8	Det skal berre nyttast køyretøy som er totalt røykfrie, også utanom køyreoppdraga under denne kontrakten.	Stadfesting	A		

3.2 Krav til sjåfør og gjennomføring av transporten

Kundens krav				Leverandørens løysing	
Nr.	Skildring	Type dokumentasjon	Type krav	Tilbydast (Ja/Nei)	Skildring av løysing
3.2.1	Sjåførane skal vere personleg egna til å utføre oppdraget. Dei skal utvise særleg fleksibilitet og samarbeidsvilje og om naudsynt kunne handtere vanskelege og uventa situasjonar.	Stadfesting	A		
3.2.2	Sjåførane skal aktivt medverke til at brukaren opplever transporten positivt. I alle situasjonar skal dei opptre profesjonelt, vise respekt for den enkelte brukar, vere hjelpsame og vennlege og generelt utvise god folkeskikk.	Stadfesting	A		
3.2.3	Sjåførane skal ha gjennomgått standard førstehjelpskurs, slik at dei kan handtere akutte situasjonar som måtte oppstå i forhold til målgruppa.	Stadfesting	A		
3.2.4	Dersom aktuell sjåfør er sjuk, har ferie eller anna forfall oppstår er det leverandøren sitt ansvar å erstatte sjåføren.	Stadfesting	A		
3.2.5	Sjåførane skal bære uniform, ID og vere velstelte.	Stadfesting	A		

Kundens krav				Leverandørens løsning	
Nr.	Skildring	Type dokumentasjon	Type krav	Tilbydast (Ja/Nei)	Skildring av løsning
3.2.6	Sjåførane skal beherske norsk språk på ein slik måte at det ikkje oppstår språkmessige problem i forhold til målgruppa eller Oppdragsgjevar sin administrasjon.	Stadfesting	A		
3.2.7	Alle sjåførar skal ha gjennomført opplæring i miljøvennleg køyring i tråd med standard krav til yrkessjåførkompetanse (YSK)	Stadfesting	A		
3.2.8	Sjåføren skal snarast gje melding til leverandøren som deretter varslar tenestestaden om det skulle oppstå uventa eller vanskelege situasjonar, trafikale problem, praktiske problem med ein brukar eller liknande.	Stadfesting	A		
3.2.9	Ved køyring av funksjonshemma og eldre skal sjåførane ha særskild og god erfaring frå tilsvarande transport.	Stadfesting	A		
3.2.10	Ved behov, særskild ved transport av eldre, demente eller funksjonshemma, skal sjåføren hjelpe brukaren inn til eller ut frå hans/hennas heim eller leveringsstadens lokalar eller inn i eller ut frå køyretøyet.	Stadfesting	A		

Kundens krav				Leverandørens løsning	
Nr.	Skildring	Type dokumentasjon	Type krav	Tilbydast (Ja/Nei)	Skildring av løsning
3.2.11	Ved behov, særskild ved transport av eldre, demente eller funksjonshemma, skal leverandøren legge til rette for at transporten for kvar einskild brukar hovudsakeleg kan utførast av faste sjåførar med erfaring frå tilsvarende arbeid.	Stadfesting	A		
3.2.12	Leverandøren skal ha rutinar for å sikre at personale som kjem i nær kontakt med brukarar, har nødvendige løyver og attester.	Stadfesting	A		
3.2.13	Sjåførane vil bli informert om enkeltbrukar sitt spesielle behov. Dersom oppdragsgjevar krev dette, skal leverandøren sørge for at sjåførane skriv under på erklæring om tausheit før utføring av oppdraget.	Stadfesting	A		

3.3 Bestillingsprosess og administrative forhold

Kundens krav				Leverandørens løysing	
Nr.	Skildring	Type dokumentasjon	Type krav	Tilbydast (Ja/Nei)	Skildring av løysing
3.3.1	Leverandøren skal samarbeide med oppdragsgjevar med etablering av rutinar, for å sikre gode og stabile leveransar.	Skildring av leverandørens prosess for etablering av tenesta	A*		
3.3.2	Leverandør skal legge til rette for samarbeid med oppdragsgjevar om samordning og effektivisering av rutar og tilpassingar i bruk av køyretøy, for å hente ut moglege effektivitetsgevinstar.	Skildring av leverandørens prosess for kontinuerleg forbetring saman med oppdragsgjevar.	A*		
3.3.3	Det skal leggjast til rette for elektronisk bestilling og stadfesting av bestilt oppdrag.	Skildring av bestillingsprosess og prosedyrar	A*		
3.3.4	Det skal vere mogleg å melde inn eit fast behov over lenger tid, for eksempel ein månad eller eit heilt år.	Skildring av planleggingsprosess saman med oppdragsgjevar	A*		
3.3.5	Bestillingar og endringar i bestilte oppdrag skal kunne gjerast fram til klokka 1200 dagen før bestillinga gjeld frå.	Stadfesting	A		

Kundens krav				Leverandørens løsning	
Nr.	Skildring	Type dokumentasjon	Type krav	Tilbydast (Ja/Nei)	Skildring av løsning
3.3.6	Dersom det går rutebuss som kan nyttast for å ivareta eit behov, eller oppdragsgjevar har andre saklege grunnar for ikkje å nytta denne kontrakten, kan han velje desse alternativa framfor bestilling frå leverandøren.	Stadfesting	A		
3.3.7	Leverandør skal peike ut ein person, samt stadfortredar, eller ei fast bemanna eining, som har eit overordna koordineringsansvar for den daglege transporten. Funksjonen skal ikkje kombinerast med utføring av køyreoppdrag.	Stadfesting	A		
3.3.8	Leverandør skal etablere gode rutinar for kommunikasjon til/frå sjåfør slik at informasjon som ikkje kan vente kan formidlast raskt vidare til dei som har behov for det.	Skildring av rutinar for kommunikasjon	A*		
3.3.9	Transporten skal vere føreseieleg for brukarane. Punktleg oppmøte og levering sjåast difor på som ein viktig del av gjennomføringa av transporten. Gjentakande forseinkingar vil kunne sjåast på som vesentlege manglar.	Stadfesting	A		
3.3.10	Melding om avvik frå avtalt køyrerute/tidsskjema skal snarast underrettast kontaktperson på hente/levere staden.	Stadfesting	A		

Kundens krav				Leverandørens løsning	
Nr.	Skildring	Type dokumentasjon	Type krav	Tilbydast (Ja/Nei)	Skildring av løsning
3.3.11	Leverandør skal nytte eit avvikssystem og kontinuerleg registrere forseinkingar og andre forhold som medfører at transporten ikkje blir utført i samsvar med krava eller andre forhold i avtalen.	Skildring av avvikssystem	A*		
3.3.12	Avvikssystemet skal også ta føre seg forbetringstiltak og tiltak for å unngå at dei same avvika gjentar seg.	Stadfesting	A		
3.3.13	Avvikssystemet skal også ta føre seg alle avvika melde inn frå Oppdragsgjevar.	Stadfesting	A		
3.3.14	Ved trafikkuhell, driftsuhell eller liknande som påfører brukarane av transporten ulempe eller fører til vesentleg forseinking, skal leverandøren vederlagsfritt tilby alternativ transport.	Stadfesting	A		
3.3.15	Leverandøren skal sørge for tilfredsstillande hittegodsservice.	Stadfesting	A		

3.4 Miljørelaterte krav

Kundens krav				Leverandørens løsning	
Nr	Skildring	Type dokumentasjon	Type krav	Tilbydast (Ja/Nei)	Skildring av løsning
3.4.1	Kjøretøya som nyttast til kontrakten skal tilfredsstillе miljøkrava i «Forskrift om energi- og miljøkrav ved anskaffelse av kjøretøy til veitransport» § 5.	Stadfesting	A		